



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 25/88
ArkivID: K2-K00, K1-144
Saksbehandlar: Nina Karoline Svensrud

Saksnr.	Utval	Møtedato
45/26	Formannskapet	20.08.2026
	Kommunestyret	

Kommunedelplan for Naturmangfald

Vedlegg:

13.08.2026	Kommunedelplan for Naturmangfald	319885
13.08.2026	Handlingsplan KDP Naturmangfold	319886
10.08.2026	IFK - Innspel til kommunedelplan for naturmangfold - Øystre Slidre kommune	319887
10.08.2026	SFI - Uttale - høyring - kommunedelplan - Øystre Slidre - naturmangfald	319889
10.08.2026	Birdlife og Naturvernforbundet - Innspill - kommunedelplan for naturmangfald	319891
10.08.2026	SV - Høringsinnspel– Kommunedelplan for naturmangfald	319892
10.08.2026	Javnlie Vel - Innspel til Kommunedelplan for naturmangfald	319893
10.08.2026	Eggesbø - Innspill til Kommunedelplan for naturmangfold.	319894
10.08.2026	J G Vedeler - Innspill til kommunedelplan for naturmangfold	319895

Tilråding

Kommunestyret vedtek kommunedelplan for naturmangfald med tilhøyrande handlingsplan i tråd med vedlagte dokument.

Bakgrunn for saka

I kommunal planstrategi, vedteken 22.05.2025, er det fastsett at kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. Kommunen har motteke tilskot frå Natursats for å utarbeide planen, og til å gjennomføre naturkartlegging sommaren 2025. Planen og tilhøyrande handlingsplan som ligg føre er utarbeida med grunnlag i denne kartlegginga, annan tilgjengeleg kunnskap, ein medverknadsverkstad og innkomne høyringsinnspel.

Saksopplysningar

Hovudmålet med ein kommunedelplan for naturmangfald er å gi ein heilskapleg oversikt over lokalt naturmangfald, prioritert arealbruk og tiltak, i tillegg til å integrere miljøomsyn i arealplanlegginga og den kommunale forvaltninga elles. Planen skal vere eit viktig grunnlag for avgjersler i forvaltninga, og sikre føreseieleg sakshandsaming. Delmåla inkluderer å auke

kompetansen til dei tilsette i kommunen, politikarane, innbyggjarane og fritidsbrukarane, og gjere det enklare for tiltakshavarar og private aktørar å synleggjere naturfaglege faktorar tidleg i prosessen. Planen skal òg forankre eksisterande kunnskap om naturmangfald og sikre at kunnskapsgrunnlaget aukar i framtida. Det vert lagt vekt på å framheve tilgjengelege verkemiddel, verktøy og moglegheiter i lovverket og offentleg forvaltning, samt formidle kunnskap om hjelpemiddel for gjennomføring av framtidige prosjekt.

Jf. plan- og bygningslova § 11-2 skal alle kommunedelplanar ha ein handlingsplan. I denne planen skal kommunen synleggjere korleis dei ulike strategiane for å bevare og fremje naturmangfaldet skal følgjast opp. Handlingsplanen inneheld dei tiltaka som er planlagde gjennomførte.

Planutkastet med tilhøyrande handlingsplan låg ute på høyring med høyringsfrist 05.05.2026. Det kom i alt innspel frå 7 ulike personar / instansar. Innspela er summerte og vurdert i dette saksframlegget. Innspela i sin heilskap følgjer som vedlegg i saka.

Endringar innarbeidde etter høyringsrunden er synleggjorde med grøn markering i planutkastet. Tilsvarande endringar er ikkje markerte i handlingsplanen.

Vurdering av innspel

Under følgjer punktvis oppsummeringar av dei innspela som kom i høyringsperioden. Det følgjer einskild tilråding for kvart innspel. For innspel i fulltekst, syner kommunedirektøren til vedlagte innspel.

Jan Georg Vedeler

Samandrag av innspel:

Med utgangspunkt i kartleggingar og registrerte funn i området Bjødnahelet, Luskeråsen, Hestekampen og Midthøgde/Røyre, har Jan Georg Vedeler kome med følgjande innspel til tiltak i Naturmangfaldsplanen:

1. Øystre Slidre kommune (ØSK) søker staten om midlar til å naturutgreie det attståande området mellom Øyangen vest og Luskeråsen. Her ligg det truleg unike verdiar av nasjonal betydning, slik som dei som alt er påviste i området.
2. ØSK tek initiativ overfor grunneigarane for å søkje om statlege midlar om frivillig vern, noko naturverdiane i området tilseier at dei kan få.
3. Det blir søkt om å opprette eit naturreservat for dei områda som blir klassifiserte som naturskog med svært høg naturverdi og nasjonal betydning.
4. Området som Naturrestaurering AS utgreidde sør for Luskeråsen, kalla Røyre (Hestekampen – Midthøgde), skal bevarast som ei samla eining utan vidare utbygging, i tråd med rapporten si tilråding om å sjå området som ein heilskapleg naturverdi for å unngå fragmentering.
5. Grunneigarane blir tilrådde å søkje om midlar til frivillig vern, og det blir søkt om å opprette naturreservat i dei mest verdifulle delane av skogen også her.

Vurdering av innspel:

Område som enno ikkje er kartlagde, men som ligg nær areal der det alt er registrert naturverdiar, vil vere aktuelle for kommunen å spele inn i vidare kartleggingsarbeid og søkje midlar til. Kommunen kan og vil søkje slike midlar årleg.

Ved frivillig vern av skog på privat grunn er det skogeigaren sjølv som styrer prosessen, med fagleg støtte frå skogeigarorganisasjonane. Skogeigaren tek initiativ ved å tilby areal for vern, medan Statsforvaltaren vurderer om området er eigna, og utarbeider eventuell verneforskrift. Skogeigarorganisasjonane og Statsforvaltaren er difor dei som kan gi mest utfyllande informasjon om sjølve verneprosessen. Kommunen si rolle er å bidra med aktiv

informasjon om ordninga og å gi rettleiing så langt det er mogleg. I dei områda som er nemnde i innspelet, kan vern vere aktuelt, men dette føreset at skogeigaren sjølv ønskjer å tilby arealet for frivillig vern.

Innspelet om å opprette naturreservat vert teke til orientering. Forslag om vern må fremjast for Statsforvaltaren og vere fagleg grunngjevne, med dokumenterte naturverdiar. Verneprosessar følgjer faste nasjonale prosedyrar, med kartlegging, medverknad og høyring før endeleg vedtak vert gjort på statleg nivå. Slike forslag kan fremjast av organisasjonar, fagmiljø og privatpersonar. Kommunen kan ta formelle initiativ til vern.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje. Kommunen vil halde fram med eit aktivt informasjonsarbeid om ordninga med frivillig vern av skog. Å undersøkje moglegheita for lokalt vern vert inkludert som eit punkt i handlingsplanen.

Elisabeth Flaaten Eggesbø

Samandrag av innspel:

- Lupinar på Beitostølen: Eggesbø ynskjer betre informasjon til både fastbuande og deltidsinnbyggjare om spreinga av lupinar og konsekvensane for naturmangfaldet. Fastbuande og deltidsinnbyggjare (inkl. velforeiningar) må involverast i større grad, og det bør leggjast til rette for lokale dugnader.
- Utbyggingsområde: *«Naturhensyn må gis reell tyngde i alle utbyggingsplaner. Urørt natur er ikke en reserve vi kan forbruke, men en arv vi forvalter. Dagens barnehagebarn- og og generasjonene etter dem- skal også ha tilgang til naturverdier som grunnlag for både matproduksjon og gode opplevelser».*
 - Størrtjednlie: Flatehogst bør verte unngått. Skogområde og enkeltstående tre bør verte teke vare på for å sikre estetikk, trivsel og biologisk mangfald. Den utbygginga som alt er starta opp, framstår som svært tett og lite tilpassa landskapet. Naturmangfaldet må få sameksistere med utbygging.
 - Aasgarden: Planen er utdatert og i strid med gjeldande og føreslått KPA. Ein kommune med ambisjonar om å vere nasjonalparksenter bør stille strenge krav til estetikk og tilpassing.
 - Garli: Utbygginga bør stanses. Planlagd utbygging vil råke myrområde og inneber ikkje samfunnskritiske behov.
 - Området kring stadion og Abborrtjernet: Naturmangfaldet og landskapskvalitetane må takast vare på. Det er positivt at utbyggingsplanane der er tekne ut av KPA-planen.
 - Liahaugstølen: Utbygging er ikkje samfunnskritisk og bør leggjast bort. Område H1 bør førast tilbake til LNF-føremål. Naturmangfaldet må takast vare på.
- Forvaltning og tillit: *« (...) Det er urovekkende når det i kommunestyremøter uttrykkes støtte fordi aktører oppleves «dyktige og trivelige». Kommunal forvaltning må være basert på tillit til en rettssikker og neutral forvaltning. (...)».*
- Områda ovanfor Beitostølen: Området er alt i bruk til stiar, sykling og ski, og inngrepa er betydelege. Dei attverande store myrområda må skjermast. Planar om ein fleirbruksveg med bilvegstandard vil forringe området og øydeleggje eit velfungerande turstignett og sykkeltraséar. Vi har allereie gode tilbod.
- *«Kommunens visjon «Rein naturglede» forplikter.»*

Vurdering av innspel:

Øystre Slidre kommune har allereie eit aktivt lupinprosjekt med mål om å redusere og hindre vidare spreiding av lupin i kommunen, særleg i området rundt Beitostølen. Prosjektet har engasjert både skuleelevar, fastbuande og deltidsinnbyggjarar, og har bidrege til auka merksemd om utfordringa. Det er likevel eit tydeleg ynskje om å styrkje både omfang og deltaking i arbeidet. Kommunen vil utarbeide ein tiltaksplan for arbeidet med framande artar, med særleg vekt på styrkt informasjonsarbeid.

Innspela som omhandlar utbyggingsområde ligg i hovudsak innanfor ramma av den overordna arealplanlegginga i kommunen, og fell difor ikkje direkte inn under formålet med kommunedelplan for naturmangfald. Det er likevel eit mål at naturmangfaldsplanen vert nytta aktivt som kunnskapsgrunnlag i slike prosessar, og i anna kommunal planlegging og forvaltning der omsynet til naturverdiar er sentralt.

Skogbrukslova stiller krav om berekraftig forvaltning, der det skal bli teke omsyn til miljø, landskap og biologisk mangfald. Lova tillèt flatehogst, men krev at hogst skjer med omsyn til naturverdiar, mellom anna gjennom å bevare viktige tre og livsmiljø. Eit generelt forbod mot flatehogst har ikkje heimel i lova, men meir skånsame driftsformer skal vurderast der det er føremålstenleg.

Når det gjeld stiar og løyper på Beitostølen, vil større tiltak og utbyggingar som regel vere omfatta av kommunen si overordna arealdel. Mindre tiltak knytte til utvikling, vedlikehald og utbetring av sti- og løypenettet høyrer derimot inn under den gjeldande sti- og løypeplanen. For denne vil det vere relevant at naturmangfaldplanen vert lagt til grunn i planlegginga av nye stiar og løyper, så vel som ved vurderinga av vedlikehald og oppgraderingar.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følge ved at det vert lagt fokus på å styrkje omfanget av informasjonsarbeid knytt til framandartar. Elles vert innspelet teke til vitande.

Javnlie vel

Samandrag av innspel:

- Einigheit i behovet for vidare, detaljert naturkartlegging i aktuelle utbyggingsområde, slik skildra i handlingsplanen.
- Handlingsplanen legg opp til ein omfattande planvask av planar. Likevel blir det lagt opp til å oppretthalde gjeldande planstatus på kommuneplannivå for Javnlie, med meir enn ei dobling av talet på hytter. Javnlie Vel meiner at gjeldande arealplan for Javnlie òg må vere gjenstand for planvask.
- Områda i Javnlie er ikkje tilstrekkeleg kartlagde i kommunedelplanen for naturmangfald, og det må difor stillast krav om ei uavhengig naturkartlegging i tillegg, i samband med behandling av eventuelle private framlegg til reguleringsplanar i området.

Vurdering av innspel:

Kommunen vil i 2026 gjennomføre ein planvask av reguleringsplanar vedtekne før 2016 for å sikre at dei er oppdaterte og i tråd med gjeldande regelverk og nasjonale føringar. Arbeidet vil leggje særleg vekt på oppdatert kunnskap om naturverdiar og bidra til å avdekkje manglar, rydde opp i utdatert arealbruk og styrkje samanhengen i planverket. Det er aktuelt å søkje midlar til tilsvarande gjennomgang av arealdelen, som del av handlingsplanen. Her kan arealplanen for Javnlie vere relevant for planvask.

Når det gjeld utilstrekkeleg kartlegging av områda i Javnlie, skal alle reguleringsplanar etter plan- og bygningslova § 4-2 og naturmangfaldlova § 8 byggje på eit oppdatert og relevant

kunnskapsgrunnlag. Ved private reguleringsplanframlegg er det forslagsstillar som har ansvar for å utarbeide nødvendige utgreiingar, og kommunen vil difor stille krav om uavhengig naturkartlegging der eksisterande data ikkje er tilstrekkelege. Dette går også fram av nyleg vedteken kommuneplanens arealdel. Naturmangfaldplanen er ikkje direkte del av denne prosessen, men vil fungere som eit rettleiande grunnlag for vurderingane som skal verte gjort.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje. Kommunen vil arbeide vidare med planvask der dette er aktuelt, og søkje midlar til slikt arbeid når det ligg til rette for det.

Øystre Slidre Sosialistisk Venstreparti (SV)

Samandrag av innspel:

- Nedbygging er ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i Øystre Slidre, men dette kjem ikkje tydeleg fram i planen. Utbygging fører til tap av leveområde, fragmentering av natur og irreversible inngrep. Beitenæringa blir òg ramma, gjennom tap av beite, meir uro i utmarka og dårlegare driftsvilkår. Planen understrekar sjølv at kommunen har ei sentral rolle i å nå nasjonale naturmål, og Øystre Slidre SV meiner difor at kommunen må ta dette ansvaret på alvor.

Behov for tydelegare mål og prioriteringar:

- Planen manglar konkrete og målbare mål. I tillegg til hovudmålet, bør det følgjast opp med:
 - Klare prioriterte område der naturen skal ha fyrsteprioritet.
 - Målbare indikatorar (t.d. areal av intakt myr, utvikling i raudlista artar, omfang av restaureringstiltak).
 - Ein ambisjon om å redusere samla naturtap i kommunen.
 - 3-5 overordna mål for naturmangfald som heile planen og handlingsplanen blir knytt opp mot.
 - Eit årleg arealregnskap som syner endringar i naturareal i kommunen, og som blir lagt fram for kommunestyret.
- SV foreslår at kommunen innfører eit prinsipp om arealnøytralitet eller arealpositivitet, slik at nye inngrep anten vert unngådd eller kompensert gjennom restaurering av natur.

Kunnskapsgrunnlaget må styrkast og bli oppdatert jamleg:

- Ha ein eigen kartleggingsplan som prioriterer område med stort press (Beitostølen, stølslandskap, våtmark og vassdrag).
- At områda Luskeråsen og Røyre blir prioriterte for utvida og oppdatert kartlegging.
- Rutinar for å oppdatere kommunale kartlag når nye registreringar kjem inn.
- Krav om at større tiltak bidreg med ny naturkartlegging der kunnskapen er mangelfull.

Arealplanlegginga må gi sterkare vern av natur:

- For å vere eit reelt styringsverktøy trengs tydelegare føringar:
 - At område med registrerte naturverdiar får særlege retningslinjer.
 - At naturmangfaldlova §§ 8 – 12 blir synleg og obligatorisk vurdert i alle vedtak.
 - At kommunen identifiserer område som bør vurderast for lokalt vern eller streng arealstyring.

- At Luskeråsen – Røyre, gitt verdiane som er dokumentert, blir vurdert som omsynssone for naturmiljø (H560) i neste rullering av kommuneplanens arealdel.
- At frivillig vern av skog blir aktivt nytta som verktøy, og at kommunen tek initiativ overfor grunneigarar i prioriterte område.
- At planvasken av eldre reguleringsplanar (frå før 2016) blir gjennomført med tydeleg prioritering av planar som ligg i eller grensar til registrerte naturverdiar.

Framande artar og klimaendringar – behov for handling:

- Det manglar konkrete tiltak. SV foreslår:
 - ein kommunal handlingsplan mot framande artar, med prioriterte artar og tiltak.
 - krav om reinsing av maskiner og massar ved anleggsarbeid.
 - systematisk oppfølging langs kommunale vegar og vassdrag.
- Når det gjeld klimaendringar, bør naturbaserte løysingar prioriterast:
 - restaurering av grøfta myr og opning av lukka bekker som naturbaserte tiltak for klimatilpassing og flaumdemping.
 - sikring av vassmagasinerte funksjon i myr og våtmark mot ytterlegare nedbygging.
 - vern av karbonlagrande naturtypar (særleg myr og naturskog) som ein del av kommunen sitt klimaarbeid.

Medverknad, kompetanse og rullering:

- For å sikre langsiktig forankring foreslår SV:
 - årleg rapportering til kommunestyret om status for naturmangfald, inkludert framdrift i handlingsplanen og arealrekneskap
 - rullering av planen kvart fjerde år.
 - etablering av eit lokalt naturforum med grunneigarar, beitelag, reiseliv, frivillige og naturvernorganisasjonar.
 - ein eigen kompetanseplan for sakshandsamarar og folkevalde, slik at kunnskap om naturmangfaldlova, NiN-systemet og bruken av planen blir styrkt på begge sider av kommunestyresalen.
 - aktivt samarbeid med nabokommunane (Vestre Slidre, Vang, Nord-Aurdal) om felles økosystem, vassdrag og artar som kryssar kommunegrensene.

Handlingsplan må bli eit reelt styringsverktøy:

- Handlingsplanen i høyringsutkastet inneheld ni tiltak, men er etter SV si vurdering for lite konkret til å fungere som eit styringsverktøy. Slik han ligg føre, manglar han ansvar, kostnader, indikatorar og prioritering, og sju av dei ni tiltaka har ingen eller berre vag tidfesting.
- SV foreslår at handlingsplanen blir utvida til ein tabell med følgjande kolonnar:
 - Tiltak og skildring
 - Mål/effekt – kva skal tiltaket oppnå?
 - Ansvar – kva eining eller stilling i kommunen har ansvaret?
 - Periode – konkret tidsfrist, ikkje berre «laupande»
 - Kostnad/ressursbehov – kva krev tiltaket av pengar og personell?
 - Indikator – korleis skal vi måle at tiltaket er gjennomført?
 - Prioritet – høg, middels eller låg
- Handlingsplanen bør òg innehalde:
 - Konkret oppfølging av Luskeråsen–Røyre som prioritert område.
 - Vurdering av frivillig vern som verktøy i prioriterte skogområde.
 - Kompetanseheving for sakshandsamarar og folkevalde.
 - Naturbaserte klimatiltak (myr- og bekkerestaurering).
 - Informasjons- og dialogarbeid retta mot innbyggjarar, hytteeigarar og grunneigarar.

Andre konkrete innspel:

- I kapittel 4.2.1 Naturmangfald i reguleringsplanar bør ordlyden endrast ved å bytte ut «kan nyttast i praksis» med «SKAL nyttast i praksis» for å sikre forpliktande bruk av naturmangfaldsprinsippa i saksbehandlinga.
- Kapittel 5.5 Kulturlandskap bør endrast til «Kulturlandskap og stølslandskap» for å synleggjere stølsdrifta som ein sentral del av kulturlandskapet i kommunen.
- Under kapittel 5.9 Påverknadsfaktorar som trugar naturmangfaldet bør det leggjast til eit nytt delkapittel 5.9.3 Utbygging / nedbygging av areal, då dette er ein vesentleg trussel mot naturmangfald, beitebruk og samanhengande landskap.
- I kapittel 5.6 Fjellområda bør avsnittet utvidast med: «...samt slått av stølsvoller og førekomstar av mogop.» for å løfte fram både sårbare artar og tradisjonell bruk av fjellområda.

Vurdering av innspel: Vidare følgjer ei punktvis vurdering av innkomne innspel.

Behov for tydelegare mål og prioriteringar:

- Planen inneheld i dag eitt hovudmål og to delmål. Då dette er fyste versjon av planen, er det utfordrande å fastsetje gode nok detaljerte og målbare indikatorar, då det ikkje ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag. Det er òg knytt uvisse til gjennomføring, måloppnåing og effekt av tiltaka i handlingsplanen. Administrasjonen vurderer det difor som meir føremålstenleg å formulere meir spesifikke mål ved seinare rulleringar, som òg har ein større grad av politisk forankring. I tillegg til å bygge på eksisterande kunnskap og tidlegare erfaringar.
- Det er vidare peika på behovet for årleg arealrekneskap. Kommunen har i dag tilgang til eit verktøy i Valdres som kan nyttast til å utarbeide arealrekneskap for utvalde område og koplast til ulike arealformål. Løysinga er per no ikkje fullt ut samkøyrd med naturdata, men kan vidareutviklast og vurderast som ein del av handlingsplanen.
- Konseptet arealnøytralitet høyrer heime i kommuneplanens arealdel, der det er mogleg å fastsetje juridisk bindande føresegner om arealnøytralitet og eventuell økologisk kompensasjon. Ei slik innføring krev politisk vedtak, kor det vil vere opp til kommunen å vurdere om og korleis prinsippet skal takast i bruk innanfor ramma av plan- og bygningslova. Kommuneplanens arealdel er no vedtatt, og kommunedirektøre vil rå til at det ved komande revisjon blir vurdert å inkludere arealnøytralitet i arealplanen.
For naturmangfaldsplanen er planvask og restaureringsprosjekt aktuelle tiltak som kan inngå i tematikken arealnøytralitet. For å oppnå best mogleg resultat og sikre kontinuitet i arbeidet, vil ein likevel vere avhengig av medverknad frå politikarar, samt frivillige og private aktørar. I fyrste omgang vil dette difor vere eit område kommunen kan strekkje seg etter å utvikle, men som kan bli meir aktuelt å konkretisere ved seinare rulleringar.

Kunnskapsgrunnlaget må styrkast og oppdaterast jamleg:

- I handlingsplanen er det presisert at naturkartleggingane vil bli prioritert i områder kor det er vurdert utbygging eller andre arealendringar, i tillegg til områder som kan ha høge naturverdiar. I dette ligg det blant anna stølsområde.
- Kommunale kartlag (DOK-data) baserer seg på offentleg tilgjengelege kartdatabasar, som vert oppdatert laupande. Andre relevante og nyttige databasar kor ein kan finne liknande informasjon er beskrivne i naturmangfaldsplanen.
- Kommuneplanen sin arealdel inneheld allereie krav om naturkartlegging i samband med utbyggingstiltak. Dette er sikra gjennom føresegner til arealdelen. I tillegg kan det etter plan- og bygningslova §§ 4-2 og 4-3 òg krevjast konsekvensutgreiing for

tiltak som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, noko som omfattar krav til oppdatert og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturmangfald.

Vidare er dette prinsippet forankra i naturmangfaldlova §§ 8 – 12, kor § 8 om kunnskapsgrunnlaget pålegg forvaltningsorgan å leggje kunnskap om artar, naturtypar og økologiske tilstandar til grunn ved utøving av offentleg mynde. Dersom kunnskapen er mangelfull, følgjer det av lova at ein skal ta omsyn til risiko for skade på naturmangfaldet, jf. føre-var-prinsippet i § 9. Desse prinsippa gjeld på tvers av sektorar.

Vi vil i tillegg arbeide vidare med å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom auka og meir systematisk kartlegging av naturmangfald i kommunen.

Arealplanlegginga må gi sterkare vern av natur:

- Kommuneplanen sin arealdel inneheld føringar og retningslinjer for handtering av registrerte naturverdiar.
- Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det er krav om at desse vurderingane vert synleggjorde i saksutgreiingar og vedtak etter gjeldande regelverk. Dette følgjer allereie av lovverket og gjeld på tvers av sektorar. Korleis desse prinsippa bør vurderast etter ulike lovverk, er omtalt i naturmangfaldplanen.
- Vi syner til vurdering av innspelet til Jan Georg Veleder når det gjeld lokalt vern. Elles syner vi til kommuneplanen sin arealdel for tema som omhandlar arealstyring og omsynssone for naturmiljø. Området Luskeråsen – Røyre vil òg vere aktuell for planvask.
- Grunneigarane vil få god informasjon og rettleiing om prosess om frivilligevern . Samstundes er det opp til den enkelte grunneigar å avgjere om vern er ønskjeleg. Syner elles til vurdering av innspel til Jan Georg Vedeler.
- Prioritering av eldre reguleringsplanar (før 2016) som ligg i eller grensar til registrerte naturverdiar vil vere eitt av fleire moment i vurderingane som ligg til grunn for planvasken som vert gjennomført i 2026.

Framande artar og klimaendringar – behov for handling:

- Ein kommunal handlingsplan mot framande artar, med prioriterte artar og tiltak, vil vere eit tiltak i handlingsplanen. Ein slik handlingsplan vil gjerne omfatte relevante krav og tiltak for å førebyggje vidare spreiding og sikre effektiv nedkjemping av framande artar.
- Restaurering av myr er innarbeidd som ein del av handlingsplanen. Slike tiltak kan bidra både til klimatilpassing, karbonlagring og til å dempe flaum. Samstundes er gjennomføring av myrrestaurering i praksis avhengig av samarbeid med grunneigarar og lokal deltaking. Kommunen er difor avhengig av at aktuelle grunneigarar ynskjer å medverke til slike prosjekt. Det vil òg vere føremålstenleg å involvere eit fagmiljø og aktørar med kompetanse på myrrestaurering, samt frivillige lag og organisasjonar, skuleklasser eller studentmiljø. Kommunen vil halde fram med arbeidet for å leggje til rette for slike prosjekt, og vurdere konkrete moglegheiter for gjennomføring der det ligg føre interesse og praktiske føresetnader.

Det vert vist til føresegnar i kommuneplanen sin arealdel som omhandlar myr og karbonrike areal. Myr og våtmark vil òg vere aktuelle for restaurering der det ligg til rette for dette.

Medverknad, kompetanse og rullering:

- Framdrift i handlingsplanen kan rapporterast til kommunestyret som ein del av oppfølginga av planen. Årleg arealrekneskap vil vere aktuelt å innføre når eit slikt verktøy er utvikla og teke i bruk. Dei årlege dialogmøta er ein arena for å rapportere på vedtekne handlingsplanar i kommunen.

- Det er lagt opp til rullering av handlingsplanen, samt at det er mogleg å søkje tilskot til revisjon av både planen og handlingsdelen.
- Etablering av eit eige naturforum vert per i dag ikkje vurdert som hensiktsmessig. Dette må òg sjåast i samanheng med avgrensa engasjement kring arbeidet med planen så langt. Arbeidet vil ligge i å engasjere relevante partar i punkta i handlingsplanen.
- Kunnskapsheving er eit sentralt føremål med sjølve naturmangfaldplanen, der planen skal vere eit aktivt verktøy i sakshandsaming. Planen vil òg vere tilgjengeleg for dei folkevalde, innbyggjarar og fritidsbuarar i Øystre Slidre.
- Samarbeid med nabokommunar om forvaltning av felles økosystem, vassdrag og artar som kryssar kommunegrensene vert vurdert som viktig. Dette er eit tema kommunen vil søkje å følgje opp gjennom eksisterande samarbeid og relevante samarbeidsarenaer.

Handlingsplan må bli eit reelt styringsverktøy:

- Handlingsplanen skal fungere som eit verkemiddel for å nå måla i tekstdelen. Tiltaka i handlingsplanen er i større grad konkretiserte etter høyringsrunden, med tydeleg ansvars plassering, prioritering og tidsrammer for gjennomføring. Vidare presisering av tiltaka vil i hovudsak skje i samband med prosjektering og gjennomføring. Dette gjeld òg kostnader, der det er relevant å peike på at delar av tiltaka kan vere tilskotsberettiga.
- Det vert lagt til grunn at planvask skal omfatte alle område med registrerte verdier frå naturkartlegginga. Dette inkluderer òg område som Luskeråsen–Røyre, som vil inngå i den samla vurderinga av prioriterte areal.
- Temaa som vert løfta fram, som frivillig vern, kompetanseheving, naturbaserte klimatiltak og informasjons- og dialogarbeid, vert vurderte som relevante. Desse kan ligge til grunn i det vidare arbeidet og søkjast følgde opp gjennom planen og tilhøyrande tiltak.

Andre konkrete innspel er vurderte og er enten innarbeidde i planen der det er funne formålstenleg, eller tekne til orientering.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje. Alle innspel er vurderte, og er enten innarbeidde i planen der det er vurdert som formålstenleg, eller tekne til orientering. Dette kjem fram av dei tilhøyrande vurderingane.

Naturvernforbundet i Valdres og BirdLife Norge Valdres

Samandrag av innspel:

- Eit konkret tiltak er å greie ut og vedta arealnøytralitet, slik rundt 80 andre kommunar har gjort. Arealnøytralitet handlar om å vere meir restriktiv i arealplanlegginga for å unngå nye naturinngrep. Det skal ikkje takast i bruk nye område utan at eit anna område blir restaurert, slik at summen blir null og vi stoppar forbruket av natur.
- Eit anna konkret tiltak er å justere fjell- og utbyggingsgrensa slik at ho blir liggjande ved dei områda som allereie er bygde ut.
- For å gi langsiktig vern av område med særleg høg verdi og godt dokumenterte verneverdier, ber vi kommunen ta initiativ til utgreiing av nye verneområde, både i skog og for vassdrag som Vinda.
- I samband med handlingsplanens punkt om planvask er det viktig å gjennomføre ein tilstrekkeleg grundig gjennomgang og ta ut alle planlagde arealtiltak som inneber

bygging i karbonrike areal som myr og skog, eller som fører til ytterlegare nedbygging av verdifull, intakt natur.

- Arealendringar er den største årsaka til naturtap, og kommunen har ei nøkkelrolle i å stanse utviklinga.
- Ei brei medverknad i vidare arbeid er avgjerande, og vi ber om å bli inkluderte i relevante arbeidsgrupper.

Vurdering av innspel:

Når det gjeld arealnøytralitet, syner kommunedirektøren til vurderinga av innspelet til SV.

Innspel knytt til Fjell- og utbyggingsgrensa er eit tema som høyrer til kommuneplanens arealdel, og vert difor ikkje vurdert i denne saka.

Når det gjeld frivillig vern av skog, viser kommunen til vurderinga av innspelet frå Jan Georg Vedeler og SV. For andre typar områdevern kan både kommunen og statlege myndigheiter ta initiativ til verneprosessar etter naturmangfaldlova. I tillegg kan organisasjonar og enkeltpersonar fremje forslag om vern, anten gjennom tilbod om frivillig skogvern eller ved å foreslå vern av konkrete område gjennom ordinær verneprosess. Slike verneprosessar vert handsama av Statsforvaltaren i Innlandet, som vurderer faggrunnlaget, gjennomfører høyringar og utarbeider eventuelle framlegg til verneforskrift. Kommunen si rolle i desse prosessane er å bidra med relevant kunnskap, gi faglege innspel og sikre at lokale omsyn vert vurderte på ein god måte.

For vurdering av innspel knytt til planvask, syner kommunedirektøren til vurdering av innspelet frå Javnlie Vel.

Innspelet peikar på viktigheita av god involvering. Kommundirektøren er i samd i at god involvering styrkjer både prosessen, kvaliteten og den lokale forankringa til kommunedelplanen for naturmangfald. Vi vil syte for medverknad ved prosjektering og gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje. Kommunen vil leggje til rette for brei medverknad der dette er formålstenleg, og vil vurdere deltaking frå aktuelle aktørar i relevante arbeidsgrupper i det vidare arbeidet. Utarbeiding av forslag til verneområde er teke med i handlingsplanen.

Statsforvaltaren i Innlandet

Samandrag av innspel:

Kartlagde naturtypar:

- I kapittel 5.1 kan det med fordel utdjupe kva funn som blei gjort, kva for verdier som kartleggingane avdekka, og kor funna blei gjort-
- KDP for naturmangfald bør vere nært knytt til arealdelen til kommuneplanen.

Ansvarsartar:

- I tabellen på s. 60 kan namnet på lavarten verte retta til «småblæreglye».

Kvardagsnaturen og naturen som heilskap:

- Viktigheita om naturen som heilheit, kor både truga natur og vanleg natur blir teke vare på. SFI anbefaler å inkludere eit avsnitt som skildrar «den vanlege naturen», som grøne korridorar, «hundremetersskogar», og andre element som både er viktige for naturmangfaldet, friluftslivet og den psykiske helsa til innbygarane.

Areal og naturrekneskap:

- Ein bør nemne areal- og naturrekneskap i kommunedelplanen, som eit verktøy for å ta vare på naturmangfaldet. Anbefaler å nytte seg av areal- og naturrekneskap for Innlandet, utarbeidd av Innlandet Fylkeskommune, fram til ein nasjonal naturrekneskap er på plass i løpet av 2026.

Handlingsplanen:

- Inkludere prioritering av tiltaka, ut ifrå kva tiltak som er viktigast å få gjennomført.
- Dersom alle tiltaka blir rekna for å vere like aktuelle og skal prioriterast på lik line, kan dette med fordel gå fram av teksten.
- Dersom nokre av tiltaka er avhengige av finansiering/ressursar for å kunne bli gjennomført, kan dette med fordel kome fram i handlingsdelen.

Vurdering av innspel:

Naturverdiar som er kartlagde i kommunen, både gjennom kartlegginga frå 2025 og tidlegare registreringar, samt andre kjende naturverdiar, er omtalte i delkapittel 5.2 og vidare i planen.

Det vert elles synt til vurderinga av innspel frå SV knytt til handlingsplanen.

Tilråding:

Innspelet vert teke delvis til følgje. Namnet på Småblæreglye er retta opp. Det er vidare lagt til nye delkapittel som omhandlar grøn infrastruktur og nærnatur, samt areal- og naturrekneskap. I tillegg vil det bli inkludert ei prioritering av tiltaka i handlingsplanen, frå låg til høg prioritet.

Innlandet Fylkeskommune

Samandrag av innspel:

Klima:

- Klimaprofil for Innlandet understrekar behovet for robuste skogsystem. Naturbaserte løysingar vil bli stadig meir relevante, og bevaring av skog, myr og flaumdempande areal vil vere viktig for å etablere ein robust natur som flaum-, skred og klimabuffer.

Vassmiljø:

- Det er lansert ein ny kartleggingsinstruks for naturtypar i ferskvatn. Denne kan vere aktuell å implementere i handlingsplanen under kartlegging, då kartlegging synleggjer verdiar og kva tiltak det er behov for.

Handlingsplan:

- Fylkeskommunen er positiv til eit samarbeid om artsmangfald i vegkantar og kring vegtrasear.
- Fylkeskommunen lagar fylkesdekkjande kart over grøfta myr og manglande kantvegetasjon langs vassdrag, og håper det vil vera til hjelp i arbeidet dykkar med naturrestaurering.
- Næringslivet bør inkluderast i tiltak i handlingsplanen.
- Fylkeskommunen bidreg gjerne til andre prosjekt/ tiltak.

Vurdering:

Innspelet er teke til orientering. Det går ikkje fram forhold som tilseier ytterlegare vurdering eller endringar i planen.

Tilråding:

Innspelet vert teke til orientering.

Formannskapet 20.08.2026:

Behandling:

Formannskapet slutta seg til at det vert skreve inn ein setning i 4.8.4 om at kommunen vil informere om moglegheitene for frivillig vern.
Samrøystes tilrådd.

FS- 45/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek kommunedelplan for naturmangfald med tilhøyrande handlingsplan i tråd med vedlagte dokument.